

ÅRSPLAN 2020/2021

FJONE
BARNEHAGE



INNHALD

Innledning.....	S. 3
Satsningsområde 2020/2021.....	S. 4
- Hovedmål	
Delmål.....	S. 5
Inkluderande barnehage og skolemiljø.....	S. 6
Digital satsning.....	S. 7
Omsorg.....	S. 8
- Trygghetssirkelen	
Leik.....	S. 9
- Pedagoisk grunnsyn	
Danning	S. 10
Læring.....	S. 10
Progresjon.....	S. 11
Barns medverknad.....	S. 11
Samarbeid med heimen.....	S. 12
Overgang barnehage—skule.....	S. 12
Tilvenning av nye barn i barnehagen	S. 13
Evalueringstarbeid/ Vurdering.....	S. 13
- «Å by barnet opp til dans» - Danseskjema.....	S. 13
Barnehagerute 2020/2021.....	S. 14
Litteraturliste.....	S. 15

INNLEDNING

Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver 2017 er ein forskrift for alle barnehagar i Norge. I henhold til Rammeplanen skal vi kvart år utarbeide en årsplan som konkretiserer og beskriv korleis vi vil arbeide med det faglege innhaldet i Fjone barnehage. Det skal vere eit arbeidsreiskap og ein dokumentasjon for barnehagens faglege utviklingsarbeid.

Alle handlingar og avgjerder som gjeld barnet, skal ha barnets beste som grunnleggjande omsyn, jf. Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen art. 3 nr. 1.

Årsplanen er fastsett av samarbeidsutvalet (SU), som er sett saman av ein foreldrerådsrepresentant, personalrepresentant og eiger.

Fjone barnehage sitt samarbeidsutval (SU):

Foreldrerådsrepresentant: Svanaug Fossli, leiar

Vara: Sigrid Grimstvedt, nest leiar

Personalrepresentant: Liv Irene Mandt Lindvig

Vara: Nathalie Bruikman

Sekeretær: Sigrun Rekvik

Dei tilsette i Fjone barnehage:

Sigrun Rekvik—Styrar og pedagogisk leiar

Turine Wik Kåsa—Pedagogisk leiar

Marthe Rinden Berdalén —Pedagogisk leiar

Liv Irene Mandt Lindvig—Barne –og ungdomsarbeidar

Nathalie Bruikman—Assistent

Litt om Fjone barnehage:

Fjone barnehage er ein av 4 kommunale barnehagar i Nissedal kommune.

Barnehage er nyetablert, og opna i august 2019. Barnehagen har ein avdeling med opptil 15 barnehageplassar for barn i alderen 1-5 år. Barnehagen held til i det gamle skulebygget som no er ombygd til barnehage. Fjone barnehage ligger ca. 25 km frå Treungen sentrum.



SATSNINGSSOMRÅDE

LIVSMEISTRING OG HELSE

Hovudmål:

«Alle born og vaksne er med i leik».

Nissedal kommune har felles satsingsområde og arbeider utifrå same hovudmål. Det er opp til kvar enkelt barnehage å lage delmål og arbeidsmåtar utifrå dette, som vil gjen-spegle seg i barnehagens pedagogiske praksis.

Satsningsområde livesmeistring og helse handlar om å legge til rette for at alle barn skal føle seg verdifulle og løfte opp psykisk helsevern. Frå 01.01.2021 vil det tre i kraft ein ny lov som set fokus på dette. Følgjande endringar er no vedtatt:

- Barnehagen skal arbeide førebyggande og kontinuerleg for å fremme helsa, trivselen, leiken og læringa til barna, og forhindre og gripe inn mot krenkingar.
- Barnehagane har fått ei aktivitetsplikt som skal sikre at barnehagen handlar raskt og riktig når eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Alle som arbeider i barnehagen, skal melde frå til barnehagens styrar dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Saka skal undersøkast, og det skal settast inn tiltak og utformast ein aktivitetsplan. Det vil nå bli utarbeida ein felles plan for alle barneha-gar, skular og kultur i kommunen for eit godt psykososialt miljø.

Prosjektet «Inkluderande barnehage og skulemiljø» er eit relevant prosjekt i forhold til satsnings-område vårt. Sjølve prosjektet gjeld ut dette året, 2020, men alt me har lært vil me sjølv sagt fort-sette med.

Livesmeistring er eit anna begrep enn meistring. Meistring kan handle om å endeleg klare å klatre opp til toppen av klatrestativet, mens livesmeistring handlar om å meistre ulike sider ved sosialt samspel, og å kjenne seg verdifull og inkludert i eit fellesskap.

«Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap, og venskap. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar, og bli kjende med eigne og andre sine kjensler». (Rammeplanen 2017, s. 11).



DELMÅL

«Bygge vennskap gjennom leik »

«Verne om den gode leiken»



«Skape eit inkluderande miljø»

Delmåla våre er eit utgangspunkt for korleis vi arbeider for eit inkluderande og godt barnehagemiljø i Fjone barnehage og er eit viktig verktøy for refleksjon på bla. personalmøta.

- Kva ligg i dette?
- Kva betyr dette i møte med barna?
- Korleis må vi /eg vere i møte med barna for å nå måla?

Stikkord knytt til delmåla, og for vidare arbeid:

«Bygge vennskap gjennom leik»

Tilknytning, inkludering, anerkjennelse, relasjonar, autoritativ vaksen, aktive vaksne, «ta barna på fersken i å gjere ein god gjerning», demokrati, empati, glade øyne, «vi-kjensle», glede, livsmeistring, sjå barnet innenfrå,

«Verne om den gode leiken».

Sosial kompetanse, vaksne må ha kompetanse på leik, barns medverknad, inspirerande leikemiljø, inkluderande miljø, rolleleik, relasjonar, leike—besøk, leikegrupper, livsmeistring, positivt samspill, observere og veilede.

«Skape eit inkluderande miljø»

Felles opplevelingar, støtte i leiken, rollemodellar, aktiv og engasjert, proaktive vaksne som stoppar negativ adferd og jobbar forebyggjande, sjå den enkelte, framheve positiv adferd, respekt, gi trygghet,

Gode relasjonar og felles opplevelingar gjennom leiken er heilt grunnleggande for at alle skal føle seg verdifulle i barnehagen.

Kvar månad får foreldra eit månadsbrev, og der står det konkret kva me vil jobbe med vidare for å nå måla i årsplanen. Månadsbrevet skal vere fagleg og vise til rammeplanen og årsplanen til barnehagen. Månasbrevet er eit verktøy for dokumentasjon og evaluering



INKLUDERANDE BARNEHAGE OG SKULEMILJØ

Hovudmål for satsinga:

"Auke skulane og barnehagane i Vest Telemark sin kompetanse til å fremje gode og trygge skule – og barnehagemiljø".

Dette er ei nasjonal satsing som passer godt inn i kommunen sitt satsningsområde «livsmeistring og helse», der målet er å skape eit fellesskap fylt med livsglede. Litteraturen vi nyttar er boka **«Mobbeatferd i barnehagen»** (Idsøe & Roland: 2018).

Praksisfortelling:

«Alle barna rundt det ene bordet på avdelinga har smurt skiver og begynt å spise. Tove, en av de voksne som sitter sammen med dem, får plutselig beskjed om at hun har fått en telefon ute på kjøkkenet. Da Tove er gått ut, rekker fem år gamle Line opp hånda samtidig som hun sier til de andre barna «Rekk opp hånda de som liker sjokolade.» Alle de andre rekker opp hånda. Deretter rekker Line opp hånda på ny og sier: «Rekk opp hånda de som liker spaghetti.» Igjen gjør de andre barna det samme. Til slutt sier Line, uten å rekke opp hånda: «Rekk opp hånda de som liker Olivia.». Ingen av de andre barna rekker opp hånda. Olivia som sitter ved samme bord begynner å gråte» (Idsøe og Roland:2018, s. 11).

Dette er ein typisk situasjon som kan skje i barnehagen. Dersom denne handlinga utviklar seg til å bli eit handlingsmønster som går utover eit spesifikt barn over tid, kan man tenke at dette kan vere begynnande mobbeatferd.

For å forebygge begynnande mobbeatferd i barnehagen må personalet blant anna:

- Vite kva det er, og kva ein skal sjå etter
- Styrke sjølvkjensla hos kvart enkelt barn
- Legge til rette for positive opplevelingar som styrkar fellesskapskjensla
- Vere ein autoritativ voksen som er til stades for barna



DIGITAL SATSNING

"Barn og elevar i Nissedal kommune skal utvikle digital kompetanse slik at dei blir rusta for ei framtid der dei skal ta del i den teknologiske utviklinga og utvikle morgondagens samfunn til det beste for seg sjølv og andre". (Strategiplanen for digital satsing i barnehagane og skulane i Nissedal kommune).

Digital satsing er i tillegg til inkluderande barnehage og skolemiljø eit prosjekt vi er inn i, og som både barnehagane og skulane skal implementere i sin kvar dag.

«Den digitale praksisen til barnehagen skal bidra til leik, kreativitet og læring. Bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal støtte opp om barna sine læreprosessar og bidra til å oppfylle rammeplanen sine føringar for eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn» (Rammeplanen:2017, s. 44)

Kommunestyret vedtok i 2018 ein strategiplan for digitalsatsing i barnehagar og skular i Nissedal kommune. Det er løyva pengar til digitalt utstyr og opplæring av tilsette i barnehagane og skulane i kommunen.

Dette barnehageåret vil satsinga vera å auke kompetansen hos personalet på dette feltet.


I Fjone barnehage kjem vi til å ta i bruk digitale verktøy som supplement til vårt arbeid. Det er fokus på at barna skal produsere, og ikkje konsumere. Barnehagen skal blant anna nytte ipad (læringsbrett) som verktøy i barnehagen. Digitale verktøy kan òg vere mykje meir enn læringsbrett. Det kan vere kopimaskin, foto, digitale spel med koding, etc.

Alle barnehagane i Nissedal kommune fekk i sommar kvar sin Prowise skjerm. Det liknar ein stor TV, men er som ein datamaskin man kan gjere alt mogleg på. Skjermen kan nyttast saman med ungane. Denne skjermen vil me bli kursa i for korleis den kan nyttast fullt ut.

OMSORG

«Barnehagen skal aktivt legge til rette for omsorsfulle relasjoner mellom barna og personalet, og mellom barna sjølv som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje bare gir barna til mottakare for omsorg, men som òg verdsett omsorgshandlingane til barna» (Rammeplanen:2017, s.19)

Tryggleiksirkelen —Circle of security



«Trygghetsirkelen» - «Circle of security» er basert på moderne tilknytningspsykologi, og handlar om å sjå barnet innafrå. Som de ser av illustrasjonen over, er tryggleiksirkelen laga med tanke på samspele foreldre – barn. Den handlar om tilknytning mellom barnet og viktige vaksne, og korleis vi kan forstå barnets behov.

«Trygghetsirkelen» gir oss gode føringar for kva barnet treng av oss.

Vi må arbeide for å vere ein "trygg base- sikker hamn". Som står barnet i utforskning og som tek i mot barnet når det kjem til oss.

Ein slags ladestasjon for tryggleik og omsorg.

Ettåringen: "la meg vere tett innpå, gje meg ei trygg hamn"

Frå 1-2 år: "forstå meg og støtt meg i ulike kjensler"

Frå 2-3 år: "hjelp meg i leiken"

Frå 3-6 år: "fortell meg historiar, la meg lære meg nye ting og leike med dei andre barna, men ver der når eg treng deg"



LEIK

PEDAGOGISK GRUNNSYN



«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gje gode vilkår for leik, vennskap og barnas eigen kultur» (Rammeplanen:2017, s. 20).

Gjennom leiken får barna prøvd ut ulike sider ved samspel, og det er gjennom leiken den viktige læringa skjer. Personalaet i barnehagen skal vere gode rollemodellar for barna, også i leiken.

Ved å vere tilstade kan personalet vere med å førebyggje krenkingar, veilede barna gjennom konfliktar, tilføre leiken spennande element, og legge til rette for eit inkluderande leikemiljø.

Leiken har ein heilt sentral plass i barnehagen, og gjennom leik finner barna sin naturlege måte å vere på. Det er barna sin eigen kultur.

Når barnet ditt seier «I dag har eg bare leika», har barnet ditt:





DANNING

Barnehagen skal fremje danning

«Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap» (Rammeplanen:2017, s. 21)

Gjennom leik og samspel med andre barn lærer bla. barna å utvikle kritisk tenkning, evne til å løysse problem sjølv, og ta del i eit demokrati der alle er ein del av fellesskapet. Barna lærer gjennom leik, og personalet har som oppgåve å veilede barna, og leggje til rette for gode, og uformelle læringssituasjonar der barna bla. erfarer normer og verdier som er viktig å ta hensyn til i eit fellesskap. Dette er med på å danne ett grunnlag for resten av livet.

LÆRING

Barnehagen skal fremje læreing

«I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meiningsfull samhandling» (Rammeplanen:2017, s. 22)

Gjennom leik og utforskning skjer den viktigaste læringa. Derfor er det viktig at kreativitet, vitelyst og barnas utforskning skal anerkjennast. Det skal leggast til rette for at barna skal få undersøkje, oppdagje og forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt. Det er personalets oppgåve å tilrettelegge for eit inspirerande læringsmiljø, og å gje barna utfordringar tilpassa alder og modning, slik at barna får oppleve meistring rundt ulike erfaringar.

«Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver» innhold 7 fagområde som skal vere ein del av innhalten i barnehagen. Kvert fagområde dekkjar eit vidt læringsfelt. I leik, kvardagsaktivitetar og ulike temaarbeid er ofte eit eller fleire fagområde representert.

- | | | |
|----------------------------------|--------------------------------|---------------------------------|
| 1. Kommunikasjon, språk og tekst | 2. Kropp, rørsle, mat og helse | 3. Kunst, kultur og kreativitet |
| 4. Natur, miljø og teknologi | 5. Meng, rom og form | 6. Etikk, religion og filosofi |
| 7. Nærmiljø og samfunn | | |



PROGRESJON

«Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet, og barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte høve til leik, aktivitetar og læring» (Rammeplanen:2017, s. 44)

Rammeplanen tydeleggjer kravet om å synleggjere progresjon i barnehagen. Og at barnehagen skal vere ein lærande organisasjon. Progresjonen sikrast blant anna gjennom refleksjon og samtalar på personalmøte, avdelingsmøte og pedagogmøte. Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Det er viktig at personalet ser kvart enkelt barns behov, og legger til rette ulike aktivitetar ut i frå alder, modning, interesser og forutsetningar. Aktivitetar skal vere tilpassa kvart enkelt barn.

BARN S MEDVERKNAD

«Barnehagen skal vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadene og behova til barna. Også dei yngste barna og barn som kommuniserer på andre måtar enn gjennom tale, har rett til å gi uttrykk for kva dei synest om sine eigne vilkår» (Rammeplanen:2017, s. 27)

Personalet i barnehagen skal sørge for at barna får vere med å påverke sin eige kvardag, og verksemda i barnehagen, jf. barnehagelova §§ 1 og 3, Grunnlova § 104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. Ein skal byggje vidare på barnas interesser, og sette barnas behov først. Nokon barn kan uttrykke seg gjennom språket, mens andre barn brukar non—verbal kommunikasjon. Personalet i barnehagen må observere, og tyde kroppsspråk, og lytte til kva barna meiner om sine eigne vilkår i barnehagekvardagen. Barna skal bli møtt med anerkjennelse og respekt.

Barnehagen skal leggje til rette for barnas eigne interesser, og sjå kvart enkelt barn som «subjekt». Det vil seie eit likeverdig menneske med eigne behov, ynskjer og kjensler. Og på den måten sørger personalet for at barna får påvirke sin eigen kvardag.



SAMARBEID BARNEHAGE -HEIM

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. barnehagelova § 1. Nemningane «hjemmet» og «foreldrene» omfattar òg andre føresette» (Rammeplanen:2017, s. 29)

Personalet i barnhagen skal leggje til rette for eit godt foreldresamarbeid, og ein god dialog med foreldra. Det skal skje på individnivå, men òg på gruppenivå. Alle foreldra er eit foreldreråd, som igjen har valgt ut representanter til å sitje i SU(samarbeidsutvalet). Personalet i barnehagen skal leggje til rette for dialog med foreldra, og med jevne mellomrom utveksle observasjonar knytt til helsa, trivsel, erfaringar, utviklinga og læringa til det enkelte barnet. Ein open tilbakemeldingskultur begge veger, gjensidig respekt er viktig for oss. Foreldresamarbeidet skal sikre at foreldra bla. òg får muliget til å ta del i medverke til den individuelle tilrettelegginga av tilbodet. På foreldremøtet i haust, kom foreldra med forslag til temaarbeid som dei veit ungane er interesserte i og innspel til utsjåande i barnehagen og uteområdet. Nokre av forslaga vil me ta tak i å jobbe med utover året. Eksemplar på kva me vil jobbe med: eventyr, dyr, «bygda mi», bondegård, dyreliv.

OVERGANG BARNEHAGE—SKULE

Nissedal kommune har ein plan for arbeidet med barns overgang frå barnehage til skule. Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet skal få ein trygg og god overgang frå barnehagen til skule, og skulefriftidsordning.

Sjå plan for overgang barnehage—skule på heimesida til Nissedal kommune.

Målet er ein trygg og god skulestart.

5-årsklubben, i år kalla *piratklubben*, er ein viktig del av denne overgangen. På Fjone er det i år to førskuleborn. Der jobbar vi med skuleforberedane aktivitetar. Leikar med tal, formar og bokstavar på ulike måtar.

5 åringane vil dette året ha symjing saman med dei andre 5 åringane i kommunen. Håpar også på fleire treff saman med dei andre komande 1 klassingane, og at ikkje Corona set ein stoppar for det.

TILVENNING I FJONE BARNEHAGE

Når barnet byrjar i barnehagen skal personalet i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. På førhånd vil barnehagen avtale eit møte med foreldra for å ha ein oppstartsamtale. I denne viktige samtalen utvekslast viktig informasjon om barnet, barnets rutinar, og liknande. Det er òg ein start på eit viktig samarbeid mellom barnehagen og heimen.

Tida kvert barn brukar på tilvenning er individuelt, og det tar tid. I Fjone barnehage får barnet ein tilknytningsperson (primærkontakt) som skal vere ekstra med barnet

«Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhøyrssle og føle at det er trygt å leike, utforske og lære» (Rammeplanen:2017, s. 33)

VURDERING / EVALUERINGSARBEID

Barnehagen skal regelmessig vurdere og evaluere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen, årsplan og satsningsområde. Vurderingsarbeidet er viktig dokumentasjon for personalet, og er eit viktig verktøy.

Vurdering av arbeidet skal byggjast på refleksjonar, praksisfortellingar, og liknande som heile personalgruppa er involvert i. Felles refleksjon over det pedagogiske arbeidet i barnehagen er viktig, og kan vere eit utgangspunkt for vidare arbeid.

Kunnskap om trivsel og kvert enkelt barn sin allsidige utvikling, og sosial kompetanse er viktig for å gje eit tilrettelagt og godt barnehage tilbod, som er i tråd med rammeplanen og barnehagelova.

«Å by barnet opp til dans» - Danseskjema

Barnehagen brukar "Å by barnet opp til dans", som eit kartleggingsverktøy. Dette verktøyet er eit system for dokumentasjon av barnehagens innsats over tid når det gjeld språkstimulering og- utvikling.

Skjema er eit godt utgangspunkt for drøftingar i personalet og i foreldresamtalar.



BARNEHAGERUTE 2020/2021

Månad	Kva skjer	Datoar å merke seg
August	Nytt barnehageår tek til Planleggingsdag	10. aug. 13 og 14. aug.
September		
Oktober		
November	Planleggingsdag	06. nov.
Desember	Barnehagane er stengt i jola	Frå og med 24. des. til og med 4. jan.
Januar	Planleggingsdag	4. jan.
Februar		
Mars	Søknadsfrist for barnehage- opptak	1. mar.
April	Barnehagane er stengt i påska.	Frå og med 29. mars til og med 5. april
Mai		
Juni		
Juli	Barnehagane er stengt to ve- ker	Veke 29 og 30.
August	Barnehageåret slutt til og med veke 32. Siste barnehagedag i barneha- geåret 2020-2021	13. aug.



LITTERATURLISTE



Utdanningsdirektoratet (2017). *Rammeplan for barnehagen*. Utdanningsdirektoratet

Løvlie Schibbye, A-L, Løvlie E. (2017). *Du og barnet. Om å skape gode relasjoner med barn*. Universitetsforlaget

Idsøe E, Roland P. (2018). Mobbeatferd i barnehagen. Temaforståelse—forebygging–tiltak. Cappelen Damm Akademisk AS, Oslo, 2017

Fritt Kari Pape 2012

